



Håvard Mjanger  
Lille Damsgårdsveien 7  
5162 LAKSEVÅG

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 20/2392 - 21/20293

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
23.03.2021

## Mottatt merknad i saka - gbnr 469/2 reiskapshus Vågstaule

**Tiltak:** Vågstaule  
**Byggjestad:** Gbnr: 69/2  
**Tiltakshavar:** Bjarte Vakt skjold  
**Ansvarleg søkjar:**

Alver kommune har motteke merknad, datert 09.02.21 over kommunen sitt vedtak av 13.03.20 i saksnr 20/2392 – løyve til oppføring av reiskapshus på gbnr 469/2 Vågstaule.

Merknad gjeld manglande nabovarsel om tiltaket til fleire eigedommar: gbnr 469/33, 469/16 og 469/22. Du som representant for eigar av gbnr 469/33 etter fullmakt, eigar av gbnr 469/16 og gbnr 469/22 får vedlagt vedtaket av 13.03.20 til klagevurdering, jf. forvaltningslova § 28-36.

Kommunen har vurdert byggesaka der vi har lagt inn opplysningane om avstand som var kjent for oss i byggesaka: avstand frå godkjent reiskapshus til grensa mot gbnr 469/33 på ca. 35 meter, avstand frå reiskapshus til grense mot gbnr 469/16 på ca. 150 meter og avstand frå reiskapshus til grense mot gbnr 469/22 på ca. 75 meter. Grunna avstanden har vi vurderte det slik at det ikkje var behov for å krevje ytterlegare nabovarsling. Vi viser likevel til at eit vedtak etter plan- og bygningslova (pbl) ikkje inneber ei avgjerd av privatrettslege tilhøve, jf. pbl § 21-6.

Når det gjeld merknad knytt til sprenging så er arbeidet innanfor det som tiltakshavar kan stå ansvarleg for etter plan- og bygningslova, så lenge tiltaket elles er i tråd med plan.

Kommune ber om tilbakemelding på om merkningen skal reknast for å vere ei klage på vedlagte vedtak. Frist for tilbakemelding vert sett til 25.04.21.

Viss den er å rekne for ei klage, kan det føre til at vedtaket vert endra av administrasjonen, jf. forvaltningslova § 33. Dersom administrasjonen opprettheldt vedtaket, vert klagen handsama av Utval for areal, plan og miljø i møte. Meir informasjon om politiske møte ligg på kommune si heimeside.

Handsaminga i utval kan føre til at vedtaket vert endra, jf. forvaltningslova § 33. Vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på. Vert administrasjonen sitt vedtak oppretthaldt av utval, vert klagen sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Purring på status vedrørende manglende nabovarsling - gbnr 469/2 Vågstaule  
bilde  
bilde 2  
bilde 3  
bilde 4  
Følgerev  
Nye teikningar - gbnr 469/2 Vågstaule  
Løyve til oppføring av redskapshus Vågstaule - gbnr 69/2 469/2

**Kopi til:**

Bjarte Vakt skjold  
Eirik Fuglum  
Øivin Ask

Vågstaule 50  
Lynghaugen 7  
Gutenbergsveien 3

5938 SÆBØVÅGEN  
5038 BERGEN  
5034 BERGEN

**Mottakarar:**

Håvard Mjanger

Lille Damsgårdsveien 7

5162 LAKSEVÅG